

Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 05.01.2015
Vår ref.: 2014/24797-2
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.: 14/5868

Kulturminnefagleg innspel - Søknad om bygging av landbruksveg - Tyborgneset - Lindås kommune

Vi syner til motteken søknad med kart vedrørende bygging av landbruksveg, vegklasse 4, på Tyborgneset i Lindås kommune, datert 19.12.14. Søknaden omfattar anlegging av ny veg i ei lengde på 2200 meter.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi som blir direkte råka av det omsøkte tiltaket.

Den planlagde vegen ligg nokre stader i areal som kan ha potensiale for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne. Det er særleg steinalderbuplasser som kan vere aktuelt i dette området. Vi finn det dermed naudsynt med ei synfaring, eventuelt ei mindre arkeologisk registrering etter § 9 i kulturminnelova for å avklare om tiltaket kan råke hittil ukjende automatisk freda kulturminne. Då tiltaket er av mindre privat karakter vil Hordaland fylkeskommune dekke kostnader til slik registrering. Registreringa vil bli gjort så snøgt som råd, men vi må ta atterhald om bår og frostfri mark.

Vi ber Lindås kommune avvente vedtak i saka til arkeologisk synfaring/registrering er gjennomført, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. Dersom ein har spørsmål eller merknader til ovannemnde, er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga v/Heidi Handeland, 55 23 91 72, Heidi.Handeland@hfk.no.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.